

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 15.12.2005 **Tid:** 14.00-20.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 20 , inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Arne Tverlid

Arne Jørgensen frå kl.14.00-15.00 (sak 41-47/05)

Sigmund Dyrhovden

I staden møtte:

Ruben Dyrhovden

Andre som var til stade på møtet: Leiar kontrollutvalet Gisle Øye var til stades under handsaminga av sak 42/05. Kommunekasserar Eikestad i sak 48-52/05. Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge under heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 20.12.2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent slik ho ligg føre med følgjande endring:

Sak 45/05 tilskot handballmål, vart trekt fordi søkjaren har fått tilskot til dette frå Hægland Interiørfabrikk.

Olaug Øystese ytra ønskje om kortare sakliste og tidlegare møtetidspunkt i budsjettmøta.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Inge Aasgaard, Magda Haugen og Marit Aase.

UTVALET SITT KVARTER:

Nils Gåsda orienterte om ein artikkel i Os og Fusa-posten, der ambulansetenesta for Os, Fusa og Samnanger vert overført frå Røde Kors til Helse Bergen.

Øyvind Røen stilte spørsmål korleis dei nye reglane for parti-støtta verkar.

Adm.sjefen stadfesta at partistøtta no er lagt inn i rammeoverføringane frå staten. Det vil verte eiga sak til kommunestyret om reglar for fordelinga av midlane.

Inge Aasgaard stilte spørsmål om kor tid arealplanen kan endeleg ferdigstillast med omsyn til den pålagde Ros-analysen.

Ordføraren orienterte om at det vert i løpet av første kvartal i 2006.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Budsjettkontroll desember 2005.

Administrasjonssjefen orienterte om budsjettkontroll pr. i dag. Teknisk eining har ei rekkje arbeid i gong som ein ikkje har fått sluttrekningane for pr. i dag. Difor har dei ikkje heilt oversikt over forbruket. På vatn – og kloakkavgiftene ser det ut til å verta eit overskot. Desse inntektene kan ikkje brukast til å saldera budsjettet for 2005, men må evt. setjast av på fond øyremerka til føremålet. Totalt kan det sjå ut som teknisk har eit overforbruk på ca kr. 300.000. Resten av einingane ser ut til å halda budsjettet sitt med unntak av Nordbygda skule som har eit overforbruk på om lag kr. 70.000,-. Det kan dekkjast inn ved løyvde utgifter til pensjon på legekantoret.

Dessutan vart det skriftleg lagt fram ei rekkje meldingar:

Møteplan våren 2005.

Status Skjønnskot barnehagar.

Vegløys.

Liavegen.

Breiband.

Ambulansesaka.

Kontrollutvalet/ revisjon.

Sosialklientar og ekstra utbetaling til jul.

MARKERING

I pausen takka ordføraren Margot Hisdal for innsatsen hennar i arbeidet med tusenårsstaden, YtreTysse. Ho fekk tildelt kommunen si kunstmappe nr. 0001/1000 som er laga i samband med prosjektet. Ass.adm.sjef Hilde-Lill Våge vart og takka for sitt arbeid med tusenårsstaden og kunstmappa.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0041/05	05/00212 MOMSKOMPENSASJON - BUDSJETTJUSTERING SOM FYLGJE AV MANGLANDE REF.
0042/05	03/00020 AVVIKLING AV MIDTHORDLAND REVISJONSDISTRIKT - VAL AV AVVIKLINGSSTYR
0043/05	05/00163 BJØRNEFJORDEN NÆRINGSUTVIKLING - EVALUERING.
0044/05	05/00132 AVTALE OM SEKRETARIATFUNKSJON FOR KONTROLLUTVALET
0045/05	05/00308 TILSKOT TIL MÅL - HANDBALLGRUPPA I SAMNANGER IDRETTSLAG.
0046/05	05/00302 FRITAK FRÅ VERVET SOM MEDLEM I ARBEIDSMILJØUTVALET. BRIGT OLAV GÅSDAL.
0047/05	05/00302 PERMISJON FRÅ KOMMUNALE VERV. RUBEN DYRHVDEN.
0048/05	05/00374 KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2006
0049/05	05/00405 GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR 2006
0050/05	05/00405 GODTGJERSLA TIL POLITIKARAR 2006.
0051/05	05/00122 BUDSJETT 2006.

0052/05

05/00404
ØKONOMIPLAN 2006 - 2009

0041/05

**MOMSKOMPENSASJON - BUDSJETTJUSTERING SOM FYLGJE AV
MANGLANDE REF.**

Framlegg til vedtak::

Tidlegare vedtak i kommunestyret sak 18/05 kva gjeld mva- kompensasjon vert oppheva. Det vert føreteke fylgjande budsjettendringar:

Konto nr. 1.9002.8800.5400 vert sett ned med kr. 417.000 til kr. 200.000,-.

Konto nr. 1.9000.8400.8001 vert sett ned med kr 417.000 til kr.0.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Tidlegare vedtak i kommunestyret sak 18/05 kva gjeld mva- kompensasjon vert oppheva. Det vert føreteke fylgjande budsjettendringar:

Konto nr. 1.9002.8800.5400 vert sett ned med kr. 417.000 til kr. 200.000,-.

Konto nr. 1.9000.8400.8001 vert sett ned med kr 417.000 til kr.0.

0042/05

**AVVIKLING AV MIDTHORDLAND REVISJONSDISTRIKT - VAL AV
AVVIKLINGSSTYRE**

Framlegg til vedtak::

Kommunestyret legg til grunn av Midthordland Revisjonsdistrikt vert avvikla, då det ikkje lenger er grunnlag for vidare drift. Alle eigarkommunane i Midthordland Revisjonsdistrikt har inngått avtale med private revisjonsfirma frå 2005.

Kommunestyret vel ordføraren i Fusa, ordføraren i Os og rådmannen i Os til avviklingsstyre i Midthordland Revisjonsdistrikt. Avviklingsstyret får fullmakt til å gjennomføra ei styrt avvikling av selskapet innanfor gjeldande lov- og avtaleverk, og avløyser det ordinære styret i revisjonsdistriktet frå 01.01.06.

Handsaming i møte:

Leiar i kontrollutvalet Gisle Øye orienterte om situasjonen for Midthordland revisjonsdistrikt Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Kommunestyret legg til grunn av Midthordland Revisjonsdistrikt vert avvikla, då det ikkje lenger er grunnlag for vidare drift. Alle eigarkommunane i Midthordland Revisjonsdistrikt har inngått avtale med private revisjonsfirma frå 2005.

Kommunestyret vel ordføraren i Fusa, ordføraren i Os og rådmannen i Os til avviklingsstyre i Midthordland Revisjonsdistrikt. Avviklingsstyret får fullmakt til å gjennomføra ei styrt

avvikling av selskapet innanfor gjeldande lov- og avtaleverk, og avløyser det ordinære styret i revisjonsdistriktet frå 01.01.06.

0043/05

BJØRNEFJORDEN NÆRINGSUTVIKLING - EVALUERING.

Framlegg til vedtak::

Bjørnefjorden Næringsutvikling vert avvikla f.o.m. 01.04.2006.
Frå same tidspunkt vert det etablert eit felles næringskontor for kommunane Fusa, Os og Samnanger etter same modell som for felles landbrukskontor for dei same kommunane.
Personalet i Bjørnefjorden næringsutvikling vert tilbydd tilsetning i det nye næringskontoret.
Ansvarleg kommune vert Os kommune.

Handsaming i møte:

Idar Reistad sette fram slikt tillegg til framlegget:

”Ordninga med felles næringskontor skal evaluerast etter to år.”

Ved røysting vart framlegg til vedtak med tillegget frå Idar Reistad samrøystes vedteke.

Vedtak:

Bjørnefjorden Næringsutvikling vert avvikla f.o.m. 01.04.2006.
Frå same tidspunkt vert det etablert eit felles næringskontor for kommunane Fusa, Os og Samnanger etter same modell som for felles landbrukskontor for dei same kommunane.
Personalet i Bjørnefjorden næringsutvikling vert tilbydd tilsetning i det nye næringskontoret.
Ansvarleg kommune vert Os kommune.
Ordninga med felles næringskontor skal evaluerast etter to år.

0044/05

AVTALE OM SEKRETARIATFUNKSJON FOR KONTROLLUTVALET

Framlegg til vedtak::

Kontrollutvalet rår til at avtalen med Askøy kommune om sekretariatfunksjon for kontrollutvalet vert vidareført med 3 mnd. gjensiding oppseiingstid. Føresetnaden er at Askøy kommune stiller med ein fast sekretær.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet rår til at avtalen med Askøy kommune om sekretariatfunksjon for kontrollutvalet vert vidareført med 3 mnd. gjensiding oppseiingstid. Føresetnaden er at Askøy kommune stiller med ein fast sekretær.

0045/05

TILSKOT TIL MÅL - HANDBALLGRUPPA I SAMNANGER IDRETTSLAG.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune er svært positiv til dette tiltaket. Søknaden vert diverre ikkje imøtekomen då det ikkje er midlar igjen på kulturbudsjettet eller på tilleggsøyvingskontoen. Støtte til idrettsaktivitet vert årleg gjeve gjennom kulturmidlar. Søknader om tilskot til denne typen idrettsaktivitet må gå gjennom idrettslaget sitt hovudstyre.

Handsaming i møte:

Søknaden var trekt og saka vart såleis også trekt ved godkjenning av saklista.

0046/05

**FRITAK FRÅ VERVET SOM MEDLEM I ARBEIDSMILJØUTVALET.
BRIGT OLAV GÅSDAL.****Handsaming i møte:**

Olaug Øystese sette fram følgjande framlegg:” Brigt Olav Gåsdal får fritak frå vervet som medlem i AMU. Elin Dyrseth Liøen vert fast medlem i arbeidsmiljøutvalet. Odd Lønnebakken vert personleg varamedlem.”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Brigt Olav Gåsdal får fritak frå vervet som medlem i AMU.
Elin Dyrseth Liøen vert fast medlem i arbeidsmiljøutvalet.
Odd Lønnebakken vert personleg varamedlem.

0047/05

PERMISJON FRÅ KOMMUNALE VERV. RUBEN DYRHVDEN.**Handsaming i møte:**

Ivar Berland sette fram følgjande framlegg:” Søknaden om permisjon frå Ruben Dyrhovden vert innvilga. Hjørdis Tysse rykkjer opp som 1. varamedlem til kommunestyret. Marion L. Pedersen rykkjer opp som 3. varamedlem i utval for oppvekst og omsorg.”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Søknaden om permisjon frå Ruben Dyrhovden vert innvilga.
Hjørdis Tysse rykkjer opp som 1. varamedlem til kommunestyret.
Marion L. Pedersen rykkjer opp som 3. varamedlem i utval for oppvekst og omsorg.

0048/05

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2006

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune vedtek kommunale avgifter og gebyr for 2006 slik som dei ligg føre i saksutgreiinga.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek kommunale avgifter og gebyr for 2006 slik som dei ligg føre i saksutgreiinga.

0049/05

GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR 2006

Framlegg til vedtak::

Ordførar si godtgjersle vert auka med 2,5% til kr. 410.000 pr. år frå 01.01.06. Vedtaket får ikkje verknader for andre godtgjersler til folkevalde.

Handsaming i møte:

Det vart røysta over tilrådinga frå PØ, som vart vedteken mot 1 røyst.

Vedtak:

Ordførar si godtgjersle vert auka med 2,5% til kr. 410.000 pr. år frå 01.01.06. Vedtaket får ikkje verknader for andre godtgjersler til folkevalde.

0050/05

GODTGJERSLA TIL POLITIKARAR 2006.

Framlegg til vedtak:: Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune vert teken opp til revisjon i løpet av våren 2006.

Godtgjersle til varaordførar vert sett til kr. 20.000 pr. år frå 01.01.06.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune vert teken opp til revisjon i løpet av våren 2006.

Godtgjersle til varaordførar vert sett til kr. 20.000 pr. år frå 01.01.06.

0051/05

BUDSJETT 2006.

Framlegg til vedtak: Driftsbudsjettet for 2006 er vedteke slik det ligg føre frå administrasjonssjefen dagsett 01.11.2005 med følgjande endringar;

- ✓ Skatt og rammetilskot vert justert i samsvar med regjeringa Stoltenberg sitt framlegg til statsbudsjett. Netto auke på kr 453.000.
- ✓ Kr. 90.000 vert sett av til konsulentstilling til kommuneplanarbeid i 50% stilling i 2006. Stillinga vert i tillegg finansiert med kr. 80.000 avsett på administrasjonssjefen sitt kapittel + kr. 30.000 med fondsmidlar frå arealdelen.
- ✓ Kr. 363.000 vert sett av på tilleggslyvingskontoen.

Kapitalbudsjettet for 2006 er vedteke slik det føre med følgjande endringar/tillegg:

- ✓ Administrasjonen førebur ei sak til kommunestyret om å rehabilitera kommunehuset utvendig. Særleg er det viktig å få skifta vindauge. Saka må innehalda ein tilstandsrapport med kostnadsoverslag. Det må greiast ut om tiltaket må/kan lånefinansierast.
- ✓ Administrasjonen greier ut ei sak til kommunestyret om å få leggja fast dekke på dei kommunale vegane på nytt. Slik prioritering har vore og er for vegvedlikehald, vil det truleg ta minst ta 100 år frå ein veg får fast dekke til det kan ventast at han vert asfaltert på nytt.

For ein del av vegane eller deler av dei er det trong for å utbetre dårlege murar og løfta bæreevna. Slik tiltak må gjerast før desse strekkjene vert asfaltert.

Med tilstanden på mange av dei kommunale vegane vert det svært vanskeleg å halde vintervedlikehaldet på eit forsvarleg nivå. Med oppmodinga om å køyra piggfritt, er det viktig at sidevegane og har god vinterstandard.

Kommunestyret vil difor vurdere å ta opp lån for å få reasfaltert mesteparten av dei kommunale vegane på ein gong.

- ✓ Tiltak Ytre Tysse vert styrka med kr. 25.000,- for å gje rom for ”strakstiltak utarbeiding av plan for serviceskilting”. Tiltaket vert finansiert ved bruk av næringsfondet.
- ✓ Administrasjonen førebur ei sak til kommunestyret med tanke på å få eit nøyaktig kostnadsoverslag for å få utbetra råteskadane i sakristiet i kyrkja på Ådland. Andre bygningsmessige tiltak kyrkjestyret har peika på må og vurderast. Dette med tanke på at Samnanger kommune kan ta opp lån m/rentekompensasjon for kyrkjebygg.

Handsaming i møte:

Det vart delt ut følgjande notat vedk. Budsjett 2006;

- ✓ Ny informasjon frå administrasjonssjefen datert 08.12.05 (rammetilskotet)
- ✓ Ny barnehage på Haga datert 15.12.05. Kommunestyret slutta seg til notatet og ønska å overføre skjønnsmidlane til 2006
- ✓ Breibandutbygging i Rolvsvåg og Eikedalen datert 15.12.05.

Kommunestyret drøfta drift- og kapitalbudsjettet, og kom med følgjande framlegg:

Sture Tveit (H) sette fram følgjande framlegg; ”Konto nr. 1.1601.2300 vedlikehald vert auka med kr. 50.000,-.”

Inge Aasgaard sette fram følgjande fellesframlegg frå Krf og Sp:

”Rammetilskotet til kyrkja vert utvida med til saman kr. 66.000,-. Dette i samsvar med kyrkja sitt eige framlegg til budsjett for 2006. Pengane vert overført frå knt. 1.9000.8400.8000 rammeoverføringar til kyrkja sin konto 1.1300.3900.4702, overføringar”.

Jon Magne Bøgevik (Frp) sette fram følgjande framlegg;

”Sak 15/04. Vedlikehald Solli vert oppheva. Eigedomen vert tilført kapitalbudsjettet. Frøland skule vert lyst ut for sal 2.halvår 2006. Salssummen vert tilført kapitalfondet.”

Nils Gåsdal bad om gruppemøte før røysting.

Olaug Øystese sette fram følgjande framlegg:

”Samnanger kommunestyre bryt ikkje løftet om å oppretthalda tid til administrasjon i begge barnehagane våre. Det vert dermed ikkje 5% reduksjon her. Administrasjonen vert pålagt å sette av kr. 15.000 til dette frå tilleggsøyvingskontoen.”

Møtet vart mellombels heva.

Då møtet vart sett igjen vart det sett fram følgjande framlegg:

Helge Reistad (Bl) sette fram følgjande framlegg:

- ” 1. Det vert budsjettert med ein auke i rammetilskot frå Staten med kr. 500.000 grunna folkeauke i 2005.
2. Auke i driftstilskotet for fysioterapeut til 100% kr. 70.000
3. Auka klegodtgjersle med kr. 130.000 skal setjast av på tilleggsøyvingskontoen øyremerka til dette føremålet.
4. Auka tilskot til vedlikehald kommunale vegar kr. 50.000
5. Auke i kulturmidlar til lag og organisasjonar med kr. 25.000.
6. Auke i tilleggsøyvingskonto med kr. 225.000.

Øyvind Røen sette fram følgjande fellesframlegg frå Sp, Krf og H;

”Med føresetnad om auke i rammetilskotet for 2006 (pga. auke i folketalet) vert desse summene ført inn i budsjettet; kr.330.000.

Klegodtgjersle kr. 140.000 knt.nr. 1.1200.1800.4900.

Pleie og omsorg kr. 40.000

Kyrkja kr. 56.000

Skule (adm.sjon) kr. 40.000

Vegar og vedlikehald 30.000

Hjartestartar kr. 24.000

Pengane vert ikkje frigjort til bruk før kommunen får dei overført frå staten.”

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg:

”Konto 1.3100 vert styrka med kr. 330.000. Summen skal nyttast til ein ny stilling på post 1. (kr. 280.000) og bukollektiv Haga (kr. 50.000) Vert dekkja ved å redusera tilleggsøyvingane.”

Sture Tveit trekte sitt framlegg.

Inge Aasgaard trekte fellesframlegget frå Krf og Sp.

Magda Haugen trekte på vegne av Bl og Ap tidlegare framlegg frå H.Reistad og B.O.Gåsdal, og sette fram følgjande fellesframlegg (Ap) og (Bl);

- ”1. Det vert budsjettert med ein auke i rammetilskotet frå staten med kr. 500.000. Tilleggsløvingskontoen vert auka med 500.000. Resten av dette framlegget skal finansierast med tilleggsløvingskontoen.
2. Auka løyving til bukollektivet på Haga kr. 50.000,-.
 3. Auka løyving til pleie og omsorg m/særleg fokus på post 1. kr. 280.000,-.
 4. Auka driftstilskot til fysioterapeut til 100% med kr. 70.000,-.
 5. Klegodtgjersle auka med kr. 130.000 skal setjast av på tilleggsløvingskonto og øyremerkast for dette tiltaket.
 6. Kulturmidlar – auka tilskot til lag og organisasjonar med kr. 25.000 skal disponerast av utvalet for oppvekst og omsorg.”

Øyvind Røen trekte ut punktet vedk. tilskot til kyrkja i fellesframlegget (Sp, Krf og H) og sette fram følgjande nytt framlegg: ”Frå tilleggsløvingskontoen vert kr. 66.000 ført over til konto for Kyrkja.”

Votering;

Kommunestyret røysta som følgjande til driftsbudsjettet 2006;

Det vart først røysta punktvis over tilrådinga til PØ.

- ✓ Det vart samrøystes vedteke at Skatt og rammetilskot får ei netto auke på kr 453.000.
- ✓ 19 røysta for og 1 imot at kr. 90.000 vert sett av til 50% konsulentstilling til kommuneplanarbeidet i 2006. Stillinga vert i tillegg finansiert med kr. 80.000 avsett på administrasjonssjefen sitt kapittel + kr. 30.000 med fondsmidlar frå arealdelen.
- ✓ Det vart samrøystes vedteke å setja av kr. 363.000 på tilleggsløvingskontoen.

Deretter vart det røysta over innkomne framlegg.

Det vart først røysta alternativt over fellesframlegget til Ap/Bl og fellesframlegget til Sp/Krf/H. Ap/Bl sitt framlegg fekk 12 røyster og vart vedteke medan Sp/Krf/H fekk 8 røyster og vart ikkje vedteke.

Deretter vart det røysta over fellesframlegget til Sp/Krf/H, som vart vedteke med 15 mot 5 røyster.

Tilslutt vart det røysta over framlegget til Øystese (Ap) som vart samrøystes vedteke.

Kommunestyret røysta som følgjande til kapitalbudsjettet 2006;

Det vart røysta over tilrådinga frå personal og økonomiutvalet, som vart samrøystes vedteken slik den ligg føre med unnatak av låneopptak til vegutbetring.

Deretter vart det røysta over tilleggsframlegget frå Bogevik (Frp). Framlegget fekk 3 røyster og 17 røysta imot, og vart ikkje vedteke.

Kommunestyret si endelege røystring

Til slutt vart det røysta over drift og kapitalbudsjettet for 2006 slik det ligg føre frå administrasjonssjefen dagsett 01.11.2005 med dei vedtekne endringar. Budsjettet 2006 vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommunestyre vedtek budsjettet for 2006 som det følgjer nedanfor;

Driftsbudsjettet for 2006 er vedteke slik det ligg føre frå administrasjonssjefen dagsett 01.11.2005 med følgjande endringar;

- ✓ Skatt og rammetilskot vert justert i samsvar med regjeringa Stoltenberg sitt framlegg til statsbudsjett. Netto auke på kr 453.000.
- ✓ Kr. 90.000 vert sett av til konsulentstilling til kommuneplanarbeid i 50% stilling i 2006. Stillinga vert i tillegg finansiert med kr. 80.000 avsett på administrasjonssjefen sitt kapittel + kr. 30.000 med fondsmidlar frå arealdelen.
- ✓ Kr. 363.000 vert sett av på tilleggsøyvingskontoen.
- ✓ 1. Det vert budsjettert med ein auke i rammetilskotet frå staten med kr. 500.000. Tilleggsøyvingskontoen vert auka med ½ mill.. Resten av dette framlegget skal finansierast med tilleggsøyvingskontoen.
 2. Auka løyving til bukollektivet på Haga kr. 50.000,-.
 3. Auka løyving til pleie og omsorg m/særslag fokus på post 1. kr. 280.000,-.
 4. Auka driftstilskot til fysioterapeut til 100% med kr. 70.000,-.
 5. Klegodtgjersle auka med kr. 130.000 skal setjast av på tilleggsøyvingskonto og øyremerkast for dette tiltaket.
 6. Kulturmidlar – auka tilskot til lag og organisasjonar med kr. 25.000 skal disponerast av utvalet for oppvekst og omsorg
- ✓ Frå tilleggsøyvingskontoen vert kr. 66.000 ført over til konto for Kyrkja
- ✓ Samnanger kommunestyret bryt ikkje løftet om å oppretthalda tid til administrasjon i begge barnehagane våre. Det vert dermed ikkje 5% reduksjon her. Administrasjonen vert pålagt å sette av kr. 15.000 til dette frå tilleggsøyvingskontoen

Kapitalbudsjettet for 2006 er vedteke slik det føre med følgjande endringar/tillegg:

- ✓ Administrasjonen førebur ei sak til kommunestyret om å rehabilitera kommunehuset utvendig. Særleg er det viktig å få skifta vindaug. Saka må innehalda ein tilstandsrapport med kostnadsoverslag. Det må greiast ut om tiltaket må/kan lånefinansierast.
- ✓ Administrasjonen greier ut ei sak til kommunestyret om å få leggja fast dekke på dei kommunale vegane på nytt. Slik prioritering har vore og er for vegvedlikehald, vil det truleg ta minst ta 100 år frå ein veg får fast dekke til det kan ventast at han vert asfaltert på nytt.

For ein del av vegane eller deler av dei er det trong for å utbetre dårlege murar og løfta bæreevna. Slik tiltak må gjerast før desse strekkjene vert asfaltert.

Med tilstanden på mange av dei kommunale vegane vert det svært vanskeleg å halde vintervedlikehaldet på eit forsvarleg nivå. Med oppmodinga om å køyra piggfritt, er det viktig at sidevegane og har god vinterstandard.
- ✓ Tiltak Ytre Tysse vert styrka med kr. 25.000,- for å gje rom for ”strakstiltak utarbeiding av plan for serviceskilting”. Tiltaket vert finansiert ved bruk av næringsfondet.
- ✓ Administrasjonen førebur ei sak til kommunestyret med tanke på å få eit nøyaktig kostnadsoverslag for å få utbetra råteskadane i sakristiet i kyrkja på Ådland. Andre bygningsmessige tiltak kyrkjestyret har peika på må og vurderast. Dette med tanke på at Samnanger kommune kan ta opp lån m/rentekompensasjon for kyrkjebygg.

0052/05
ØKONOMIPLAN 2006 - 2009

Framlegg til vedtak::

ØKONOMIPLAN SAMNANGER KOMMUNE 2006 - 2009
HOVEDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

TEKST	KOSTRAART	2005	2006	2007	2008	2009
Driftsinntekter						
Brukerbetaling	600-619	4 619	4 488	4 488	4 488	4 488
Andre salgs- og leigeinntekter	620-679	6 688	7 214	7 214	7 214	7 214
Overføring med krav til motytingar	700-779	10 422	8 315	8 316	8 316	8 316
Rammetilskot frå staten	800	27 933	31 476	31 476	31 476	31 476
Andre statlege tilskot	810-819	3 405	3 600	3 600	3 600	3 600
Andre overføringar	830-859/880-899	2 350	2 900	2 900	2 900	2 900
Inntekts og formueskatt	870-873	42 632	45 127	45 127	45 127	45 127
Eigedomsskatt	874-876	4 139	4 822	4 822	4 822	4 822
Andre direkte og indirekte skatter	877-879	823	823	823	823	823
Sum driftsinntekter		103 011	108 765	108 766	108 766	108 766
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	010-089+(160-169)	57 132	58 192	58 102	58 102	58 102
Sosial utgifter	090-099	14 981	15 940	15 940	15 940	15 940
Kjøp av varer og tj. Inngår i prod.	100-289-(160-169)	13 097	11 724	11 724	11 724	11 724
Kjøp -v. og tj. som ertatter eigenprod.	300-399	3 438	5 671	5 671	5 671	5 671
Overføringar	400-490	7 882	10 336	9 892	9 978	10 488
Avskrivningar	590	4 338	4 349	4 349	4 349	4 349
Fordelte utgifter	690-699 med fl.					
Sum driftsutgifter		100 868	106 212	105 678	105 764	106 274
Driftsresultat		2 143	2 553	3 088	3 002	2 492
Finansinntekter						
Renteinntekt og utbytte	900-909	596	605	605	605	605
Mottekne avdrag på lån	920-929	50	50	50	50	50
Sum eksterne finansinntekter		646	655	655	655	655
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostn.	500-509	3 495	1 947	2 370	2 221	2 073
Avdrag på lån	510-519	3 609	4 325	4 386	4 449	4 087
Sosial- og næringslån	520-529	50	50	50	50	50
Sum eksterne finansutgifter		7 154	6 322	6 806	6 720	6 210
Resultat eksterne finanstransaks.		6 508	5 667	6 151	6 065	5 555
Motpost for avskrivningar	990	-4 338	-4 349	-4 338	-4 338	-4 338
Res. Før int. transaksj.(netto dr.res)		27	-1 235	-1 275	-1 275	-1 275
Interne finans transaksjonar						
Bruk av udisponert frå tidl. År	930	1052	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	940-947	836	109	69	69	69
Bruk av bundne fond	950-959	1019	200	200	200	200
Bruk av likviditetsreserve	960	0	0	0	0	0
Sum bruk avsetningar		2907	309	269	269	269
Overført til kapitalrekneskapen	570	1183	100	100	100	100
Avsatt til dekking frå tidl. År (underskot)	530	0	0	0	0	0

Avsett til disposisjonsfond	540-547	617	0			
Avsett til bundne fond	550-559	1080	1444	1444	1444	1444
Avsett til likviditetsreserven	560	0	0	0	0	0
Sum avsettingar		2880	1544	1544	1544	1544
Udisponert (overskot)	580	0	0	0	0	0
til dekking seinare år (underskot)	980	0	0	0	0	0
Resultat etter interne finanstransaksjonar		0	0	0	0	0

Økonomiplan 2006-2009		Kapitalbudsjettet			
Tiltak	2006	2007	2008	2009	Merknader
Vassforsyning					
Indre Tysse	300				
Ådland - til kyrkja		500			
Ytre Tysse	300	50			
Rolvsvåg	200	3200			
Kloakk					
Ytre Tysse	2700				
Indre Tysse			300	1000	
Kommunale bygningar					
Kommunehuset	300	300	300		
Prestebustad			1000		
Heis kommunehuset		500			
Heis Samnanger ungdomsskule			500		
Barnehage					
Planlegging	400				
Bygning	4600				
Samnangerheimen					
Etablering av "sanehage"	150				
Vegar					
Trafikksikringstiltak i samsvar med plan	50	50	50	50	
Utbetring av vegar inkl. fast dekke	300	300	300	300	
Adressering - skilting	100	100	100		
Marknadsføring av kommunen					
Skiltplan for servisskilt		100			
Industriområdet Rolvsvåg					
Planlegging og vidare tilrettelegging					1.
Bustadområde - planlegging					
Vidare utbygging Lønnebakken		150			
Område i Nordbygda					2.
Ytre Tysse					
Planlegging	300				
Tiltak i nærmiljøet - minnepark, miljøgatetiltak, kai m.m	225				3.
Eikedalen					
Kommunal medverknad VA					4.
Bu og dagsenter for personar med nedsett funksjonsevne					
Dagsenter		3000			5.
Bustader - kommunal kostnad					
Kyrkja					
Reiskapshus					6.
Brannsikring					

Bustader for vanskelegstilte				
Bustadpolitisk plan		100		

1. Første del av planlegging vert samordna med planlegging av vassverket. Vidare planlegging og evt. tilrettelegging vert handsama deretter.
2. Tiltaket vert evt. samordna med plan for funksjonshemma. Midlar til det er sett av på 2005-budsjettet.
3. Gjennom planlegginga i 2006 vil me få fram tiltaka som skal gjennomførast i planperioden.
4. Det er fleire prosessar på gang i Eikedalen for å få vurdert kva løysingar som finnast for vatn, avlaup og interne vegar (gang- og sykkelvegar). Kommunal medverknad i tilrettelegging av infrastruktur vil takast opp som eigne saker.
5. Arbeid med plan for personar med nedsett funksjonsevne er i slutfasen. Det ligg ikkje føre kalkyle over kommunal kostnad korkje for dagsenterdelen eller for bustaddelen, noko som må vurderast før framlegging av planen.
6. Kyrkja har teke dette opp i sitt framlegg.

Det vert vist til personal- og økonomiutvalet sitt vedtak i budsjett 2006

Handsaming i møte:

Magda Haugen sette fram følgjande framlegg til økonomiplan 2006-2009;

”Heis i kommunehuset vert prioritert tiltak i 2006. Det må søkjast om statleg løyving til tiltaket frå Husbanken. I tillegg skal tiltaket lånefinansierast /evt. nytta næringsfond. Tiltaket må utgreiast og koma opp som sak i PØ.”

Marit Aase sette framfølgjande framlegg;

”Tiltak utbetring av vegar inkl. fast dekke går ut av kapitalbudsjettet for heile planperioden. Administrasjonen vert beden om å utarbeida sak der det vert gjort framlegg om naudsynte tiltak med finansiering.”

Votering;

Det vart først røysta over driftsbudsjett i økonomiplanperioden 2006-09, som vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta punktvis over kapitalbudsjettet i økonomiplanperioden 2006-09, som vart samrøystes vedteke. Til slutt vart det røysta over tilleggsframlegga til M.Haugen og M. Aase, som begge vart samrøystes vedteke.

Heile økonomiplanen 2006-09 med vedtekne endringar vart til slutt røysta over. Planen vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

ØKONOMIPLAN SAMNANGER KOMMUNE 2006 - 2009
HOVEDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

TEKST	KOSTRAART	2006	2007	2008	2009
Driftsinntekter					
Brukerbetaling	600-619	4 488	4 488	4 488	4 488
Andre salgs- og leigeinntekter	620-679	7 251	7 214	7 214	7 214
Overføring med krav til motytingar	700-779	8 315	8 316	8 316	8 316
Rammetilskot frå staten	800	31 976	31 476	31 476	31 476
Andre statlege tilskot	810-819	3 600	3 600	3 600	3 600
Andre overføringar	830-859/880-899	2 900	2 900	2 900	2 900
Inntekts og formueskatt	870-873	45 127	45 127	45 127	45 127
Eigedomsskatt	874-876	4 822	4 822	4 822	4 822
Andre direkte og indirekte skatter	877-879	823	823	823	823
Sum driftsinntekter		109 302	108 766	108 766	108 766
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	010-089+(160-169)	58 457	58 102	58 102	58 102
Sosial utgifter	090-099	16 020	15 940	15 940	15 940
Kjøp av varer og tj. Inngår i prod.	100-289-(160-169)	11 724	11 724	11 724	11 724
Kjøp -v. og tj. som ertatter eigenprod.	300-399	5 778	5 671	5 671	5 671
Overføringar	400-490	10 421	9 892	9 978	10 488
Avskrivningar	590	4 349	4 349	4 349	4 349
Fordelte utgifter	690-699 med fl.				
Sum driftsutgifter		106 749	105 678	105 764	106 274
Driftsresultat		2 553	3 088	3 002	2 492
Finansinntekter					
Renteinntekt og utbytte	900-909	605	605	605	605
Mottekne avdrag på lån	920-929	50	50	50	50
Sum eksterne finansinntekter		655	655	655	655
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostn.	500-509	1 947	2 370	2 221	2 073
Avdrag på lån	510-519	4 325	4 386	4 449	4 087
Sosial- og næringslån	520-529	50	50	50	50
Sum eksterne finansutgifter		6 322	6 806	6 720	6 210
Resultat eksterne finanstransaks.		5 667	6 151	6 065	5 555
Motpost for avskrivningar	990	-4 349	-4 338	-4 338	-4 338
Res. Før int. transaksj.(netto dr.res)		-1 235	-1 275	-1 275	-1 275
Interne finans transaksjonar					
Bruk av udisponert frå tidl. År	930	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	940-947	109	69	69	69
Bruk av bundne fond	950-959	200	200	200	200
Bruk av likviditetsreserve	960	0	0	0	0
Sum bruk avsetningar		309	269	269	269
Overført til kapitalrekneskaper	570	100	100	100	100
Avsatt til dekking frå tidl. År (underskot)	530	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	540-547	0			
Avsett til bundne fond	550-559	1444	1444	1444	1444
Avsett til likviditetsreserven	560	0	0	0	0

Sum avsettingar		1544	1544	1544	1544
Udisponert (overskot)	580	0	0	0	0
til dekking seinare år (underskot)	980	0	0	0	0
Resultat etter interne finanstransaksjonar		0	0	0	0

Økonomiplan 2006-2009		Kapitalbudsjettet			
Tiltak	2006	2007	2008	2009	Merknader
Vassforsyning					
Indre Tysse	300				
Ådland - til kyrkja		500			
Ytre Tysse	300	50			
Rolvsvåg	200	3200			
Kloakk					
Ytre Tysse	2700				
Indre Tysse			300	1000	
Kommunale bygningar					
Kommunehuset	300	300	300		
Prestebustad			1000		
Heis kommunehuset	500				6
Heis Samnanger ungdomsskule			500		
Barnehage					
Planlegging	400				
Bygning	4600				
Samnangerheimen					
Etablering av "sanshage"	150				
Vegar					
Trafikksikringstiltak i samsvar med plan	50	50	50	50	
Utbetring av vegar inkl. fast dekke	0	0	0	0	7
Adressering - skilting	100	100	100		
Marknadsføring av kommunen					
Skiltplan for servisskilt		100			
Industriområdet Rolvsvåg					
Planlegging og vidare tilrettelegging					1.
Bustadområde - planlegging					
Vidare utbygging Lønnebakken		150			
Område i Nordbygda					2.
Ytre Tysse					
Planlegging	300				
Tiltak i nærmiljøet - minnepark, miljøgatetiltak, kai m.m	225				3.
Eikedalen					
Kommunal medverknad VA					4.
Bu og dagsenter for personar med nedsett funksjonsevne					
Dagsenter		3000			5.
Bustader - kommunal kostnad					
Kyrkja					
Reiskapshus					
Brannsikring					
Bustader for vanskelegstilte					
Bustadpolitisk plan		100			

1. Første del av planlegginga vert samordna med planlegging av vassverket. Vidare planlegging og evt. tilrettelegging vert handsama deretter.
2. Tiltaket vert evt. samordna med plan for funksjonshemma. Midlar til det er sett av på 2005-budsjettet.
3. Gjennom planlegginga i 2006 vil me få fram tiltaka som skal gjennomførast i planperioden.
4. Det er fleire prosessar på gang i Eikedalen for å få vurdert kva løysingar som finnast for vatn, avlaup og interne vegar (gang- og sykkelvegar). Kommunal medverknad i tilrettelegging av infrastruktur vil takast opp som eigne saker.
5. Arbeid med plan for personar med nedsett funksjonsevne er i sluttfasen. Det ligg ikkje føre kalkyle over kommunal kostnad korkje for dagsenterdelen eller for bustaddelen, noko som må vurderast før framlegging av planen.
6. Heis i kommunehuset vert prioritert tiltak i 2006. Det må søkjast om statleg løyving til tiltaket frå Husbanken. I tillegg skal tiltaket lånefinansierast /evt. nytta næringsfond. Tiltaket må utgreiast og koma opp som sak i PØ
7. Tiltak utbetring av vegar inkl. fast dekke går ut av kapitalbudsjettet for heile planperioden. Administrasjonen vert beden om å utarbeida sak der det vert gjort framlegg om naudsynte tiltak med finansiering.

Det vert vist til kommunestyret sitt vedtak i budsjett 2006